

Forsamlingslov – eit eksempel

§ 1 Grunnlag

<Namnet på forsamlinga> byggjer arbeidet sitt på Bibelen og Den evangelisk lutherske vedkjenninga¹. På dette grunnlaget driv forsamlinga alt arbeidet sitt, kallar frivillige og eventuelt tilset sine arbeidarar.

(¹ Den apostoliske truvedkjenning, Den nikenske truvedkjenning, Den athanasianske truvedkjenning, Den augsburgske vedkjenning og Luthers vesle katekisme.)

§ 2 Føremål

- <Namnet på forsamlinga> har til føremål å fremja Guds rike og halda oppe eit livskraftig indremisjons- og ytre misjonsarbeid, og til ei kvar tid forkynna Guds ord gjennom dei tiltak, reiskapar og kanalar ein finn tenlege.
- <Namnet på forsamlinga> vil som basis for si verksemd byggja ei lokal forsamling etter bibelsk mønster med

- Forkynninga av Guds ord
- Forvaltning av nådemidla
- Diakonalt arbeid

Forsamlinga vil føra vidare arven frå våre åndelege røter, særleg

- Bibelen som Guds openberring, og forkynninga av dette ordet
 - Vekkingsarven med forkynning til omvending og personleg liv i Gud
 - Heilagt samfunn, det allmenne prestedømet og frie nådegåver
- <Namnet på forsamlinga> <vil arbeida saman med Indremisjonsforbundet og Norsk Luthersk Misjonssamband for å styrkja desse sitt kallsoppdrag. Forsamlinga vil ta medansvar for å skaffa økonomiske og andre ressursar til dei oppgåver desse utfører>.

§ 3 Status

- <Namnet på forsamlinga> består av dei medlemmer som melder seg inn, og som er einige i §§ 1 og 2, vedkjenner seg som kristen, lever eit kristeleg liv, og betaler årskontingenten.
- <Forsamlinga er tilslutta a) Indremisjonsforbundet og b) Norsk Luthersk Misjonsamband (NLM) Region Vest og vert omfatta av dei lover og vedtekter som gjeld i desse organisasjonane.
- <Indremisjonen og NLM har tilsynsmyndighet. Hyrdefunksjonen på krinsplan i dei to organisasjonane utgjer tilsynsorgan>.

§ 4 Medlemskap

- <Namnet på forsamlinga> tar etter søknad opp i fullt medlemskap alle som har fylt 15 år, er døypte med kristen dåp, vedkjenner trua på Jesus Kristus som Frelsar og Herre, er lojale mot forsamlinga sine grunnprinsipp slik dei er formulerte i §§ 1 og 2, og er gjort kjent med forsamlinga sitt grunnlag, føremål og arbeid.
- Assosiert medlemskap er eit medlemskap som ikkje gjev stemmerett eller rett til styreverv. Personar som ønskjer å tilhøyra forsamlinga, men ikkje kan oppnå fullt medlemskap, kan søkja om assosiert medlemskap.
- Barn som vert døypte i forsamlinga vert samstundes skrivne inn som assosierte medlemmer, dersom foreldra er medlemmer. Barn som er døypte i andre forsamlingar vert skrivne inn etter melding frå foreldra. Når barna blir 15 år, må dei sjølve velja om dei vil verta opptekne i fullt medlemskap.

- d. Den som ynskjer å melda seg ut av forsamlinga, sender skriftleg melding til forsamlinga sitt styre.
- e. Ein medlem som aktivt motarbeider forsamlinga sitt føremål og grunnprinsipp, og som ikkje rettar seg etter gjentekne oppmodingar frå forsamlinga sitt hyrderåd, kan verta fråteke medlemskapen sin. Avgjerda vert teken av styret etter tilråding frå Hyrderådet, men kan etter oppmoding frå den aktuelle medlem bringast inn for årsmøtet til endeleg avgjerd.

§ 5 Årsmøtet

- a. Årsmøtet er *<Namnet på forsamlinga>* sin høgste myndigheit, og det vert halde kvart år innan utgangen av mars. Alle medlemmer over 15 år som har betalt medlemskontingenten har røysterett i årsmøtet.
- b. Årsmøtet handsamar:
 - Styret si årsmelding
 - Reviderte årsrekneskapar
 - Lovendringar
 - Andre saker som styret eller medlemene legg fram (jfr. pkt. e)
- c. Årsmøtet vel:
 - Styremedlemer og varamedlemmer til styret
 - To medlemmer til hyrderådet
 - Valkomité
 - Revisor
- d. Årsmøtet gjer sine vedtak med vanleg fleirtal. Lovendringar krev 2/3 fleirtal.
- e. Vil nokon ha ei sak fram for årsmøtet, må denne vera sendt til styret seinast ein månad før årsmøtet skal haldast. Berre styret og forsamlinga sine medlemmer kan fremja forslag til lovendringar.
- f. Ekstraordinært årsmøte kan kallast saman når minst 2/3 av styremedlemene eller 2/3 av forsamlingsmedlemene ber om det.
- g. *<Protokoll frå årsmøtet vert sendt til krins/regionstyret i Indremisjonen og i NLM>*.

§ 6 Styret

- a. *<Namnet på forsamlinga>* vert leia av eit styre som er høgste myndigheit mellom årsmøta.
- b. Styret består av fem medlemmer som blir valde for to år om gangen, slik at det kvart år vekselvis går to eller tre medlemmer ut or styret. Desse kan veljast att, men ingen kan sitja i styret lengre enn åtte år i samanheng. Styret har to varamedlemmer som blir valde for eitt år. Første varamann møter fast i styret. Styret er vedtaksført når minst halvparten av medlemene er til stades. Styret vel seg imellom formann og nestformann. Formannen skal utgjera ein av dei tre i hyrderådet og skal såleis vera ein mann.
- c. Dersom forsamlingsleiar er tilsett, møter denne i styret med tale- og forslagsrett, men ikkje røysterett. Dersom eigen forsamlingsleiar ikkje er utpeika av hyrderådet og styret samla, eller tilsett, fungerer formannen som forsamlingsleiar.
- d. Styret held møte når formannen kallar inn til det eller eit fleirtal av styremedlemene krev det.
- e. Styret kallar saman leiarane av lokallag og foreiningar *<som høyrer til i Indremisjonen og NLM>* minst ein gong for året til drøfting og planlegging av arbeidet.

§ 7 Styret sine oppgåver

- a. Styret skal:

- I. Setja i verk og føra kontroll med årsmøtet sine vedtak og avgjerder.
 - II. Forvalta og føra kontroll med <Namnet på forsamlinga> sin økonomi. Større økonomiske saker må leggjast fram for <krinsstyra til orientering>, og handsamast av forsamlinga sitt årsmøte. <Pantsetjing, kjøp og sal av fast eigedom skal godkjennast av NLM>.
 - III. Syta for at arbeidet vert drive i samsvar med <Namnet på forsamlinga> sine lover
 - IV. Senda referat frå styremøta til hyrderådet
- b. Styret bind forsamlinga rettsleg.
 - c. Styret kallar dei lønna arbeidarane som forsamlinga treng. <Oppretting av lønna stillingar skal godkjennast i begge organisasjonane, i kvart tilfelle kan ein avgjera kven av dei som skal ha arbeidsgjevaransvaret. Arbeidarane blir formelt tilsett og løna av den aktuelle krinsen i fylgje gjeldande løns- og arbeidsvilkår>.
 - d. Styret kallar inn til årsmøte og tilrettelegg alle saker som skal handsamast av dette.

§ 8 Hyrderåd

- a. Hyrderådet består av tre menn som har tillit i forsamlinga, formannen i styret og to valde av årsmøtet. Valet gjeld for to år, slik at det går ein medlem ut kvart år. Maksimal funksjonstid er 8 år. Hyrderådet har til hovudoppgåve å visa åndeleg hyrdeomsorg for medlemene. Det skal ta i vare eit særskilt hyrde- og læreansvar ved å sjå til at forkynninga og forsamlings-/foreiningslivet er i samsvar med Guds ord og Den evangelisk lutherske vedkjenninga, og at verksemda driv i samsvar med føremålet slik det er formulert i §2. Ved avvik eller lærestrid har Hyrderådet ansvar for rettleiing og formaning.
- b. Medlemmer som tek til å leve i strid med Guds ord skal handsamast etter Matt 18,15-18. Medlemmer som ikkje lever i samsvar med § 3a kan utelukkast frå forsamlinga.
- c. Oppgåver i rådet vert fordelte etter utrustning og nådegåver. Rådet innstiller til styret ved kall av tilsette arbeidarar.

§ 9 Lokallag

Forsamlinga oppretter sine lokallag, grupper og foreiningar (heretter lokallag) etter som ein finn tenleg for arbeidet. Andre lokallag kan knytta seg til forsamlinga dersom arbeidet som vert drive er forenlig med §§ 1 og 2 og byggjer opp under forsamlinga si verksemd. Eit lokallag får status som assosiert medlem. Lokallaga bestemmer korleis eigne midlar vert nytta.

§ 10 Oppløysing

Skulle <Namnet på forsamlinga> bli nedlagt eller oppløyst, vert forsamlinga sine midlar og eigedomar fordelt <likt mellom Indremisjonen og NLM med 50 % til kvar>. <Skjer oppløysinga i ein interimperiode på 30 år frå opprettinga av forsamlinga, vil dei faste eigedomane som indremisjon eigde før interimperioden starta, tilfalla indremisjonen åleine>. Oppløysing av forsamlinga krev 2/3 fleirtal i to påfølgjande årsmøter.

§ 11 Lovendring

Årsmøtet i <Namnet på forsamlinga> kan endra denne lova med 2/3 fleirtal, jfr. § 5 b, d og e. Paragrafane 1 og 2a kan ikkje endrast.